



Drømmehagen Barnehage AS
Floghaugane 61
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/494 - 17/8734

Saksbehandlar:
Mette Marei Træland
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:
08.09.2017

Vedtak om godkjenning av Drømmehagen gard til friluftsavdeling

Meland kommune har motteke søknad frå Drømmehagen barnehage om å få flytte friluftsgruppa til Drømmehagen gard på Mjåtveitstø.

Vedtak » Drømmehagen barnehage får godkjent Drømmehagen gard til friluftsavdeling for inntil 30 barn over 3 år.» Godkjenningsvedtaket er heimla i Barnehageloven §10, §§1, 1a |, og 2». Godkjenninga gjeld frå 04.09.2017.

- Vilkår for drifta er at barnehagen har utbetra tilhøva frå : Godkjenning i høve Miljøretta helse heimla i Folkehelseloven, Kap 3.
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. §6.
- Utbetra tilhøve etter brann synfaring 04.04.17
- Godkjenninga er kun knytt til området barnehagen skal ha aktivitetar i, og ikkje i høve til ekstra driftstilskot for dei 30 plassane.

Drømmehagen barnehage si godkjenning frå 2013 er framleis gjeldande. Arealet barnehagen er godkjent for er 690 m2, og kan har inntil 173 barn over 3 år. Det er denne godkjenninga som er knytt opp til driftstilskot.

- Barnehagen har stort nok leike og opphaldsareal til barnegruppa, uavhengig av Drømmehagen gard.

Dokument i saka:

17.01.2017: Søknad om flytting av friluftsgruppa til Drømmehagen gard.

04.04.2017: Branntilsynsrapport .

21.04.2017 :Miljøretta helsevern, Godkjenning av Drømmehagen gard til friluftsavdeling.

04.09.2017: Sjekklister for godkjenning av barnehage med vedlegg.

Saksopplysningar

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Meland kommune mottok 17.01.17 søknad frå Drømmehagen barnehage om å flytte friluftsavdelinga ved Drømmehagen barnehage til Drømmehagen gard.

Friluftsavdelinga består av 24-30 barn over 3 år, og er i dag lokalisert i Drømmehagen.

Drømmehagen har kjøpt ein gard på 147 dekar med våningshus. Det er ulike bygningar på garden og store naturområder som barnehagen vil nytte som pedagogisk arena for barna i barnehagen.

På området ynskjer barnehagen å ha pedagogisk arbeid med å læra borna å dyrke ulike vekster, fiske i sjøen, lage mat på leirplassar og leike i naturen.

I våningshuset vil dei ha base for borna som er på friluftsgruppa.

Borna vil møte opp i sjølve barnehagen, og gå til Drømmehagen gard og ha aktivitetar der.

Det har vore synfaring på eigendomen der Torill Seliussen styrar og eigar, Grethe Elin Mjelde teknisk hygienisk ingeniøringeniør v/ Miljøretta helsevern, og Mette Marei Træland barnehagefagleg rådgjevar frå Meland kommune var med.

Vurderingar

Drømmehagen gard vil vera eit godt supplement til hovedbarnehagen som ligg like ved. Det er lett å gå til området som kunne vera eit turområde for barnehagen.

Drømmehagen ynskjer å integrere garden og bygningane i det pedagogiske arbeidet, og kommunen vurderer at barnehagen må ha eigen godkjenning for denne endra drifta. Den gamle godkjenninga fell ikkje bort, men vert supplert med Drømmehagen gard.

Godkjenninga gjeld fysiske tilhøve og ikkje utvida driftstilskot.

Fysiske tilhøve

Dei fysiske tilhøva er godt egna til å gje barna moglegheit for god livsutfoldelse. Heile området på 147 dekar vil kunne verte nytta av barnehagen, og huset vert base for friluftsavdelinga.

Hovedomsynet som har vore avgjerande for vurderinga.

Fysiske rammer.

Drømmehagen gard har gode kvalitetar for å kunne gje barn god livsutfordelse, og tilhøva gjev rom for meningsfylte opplevingar og aktivitetar.

Området gjev born leikeplassar som har gode kvalitetar i høve motorisk trening. Det er og mogleg med aktivitetar for leik som stimulerer fantasien. Mange barn i dag treng å læra naturen å kjenna.

Drømmehagen gard vil med sitt areal for friluftsavdeling gje borna eit godt tilbod som kan verte nytta dagleg.

Pedagogiske kvalitetar

Borna vil kunne ha utfordrande omgjevnader, og kunne verte kjend med naturen. Berekraftig utvikling er eit satningsområde i Meland kommune si overordna samfunnsdel i kommuneplanen. Drømmehagen gard vil ha kvalitetar som borna saman med vaksne kan læra seg: omsyn til naturen, og verte kjend med kvalitetar som omhandlar dette tema.

Viktig informasjon

Meland kommune vedtok i KS SAK 51/2015 å arbeide med planar om ein ny stor kommunal barnehage.

Dette vil ha moglege konsekvensar for framtidige utvidingar av private barnehagar. Dette til orientering.

Vedtak om godkjenning av barnehagen er eit vedtak etter Forvaltningslova

§28 og kan påklagast. Fylkesmannen er klageinstans.

Klagen vert å senda til Meland kommune . Dersom Meland kommune opprettheld sitt vedtak vert saka sendt til Fylkesmannen for endeleg handsaming. Klagefrist er 3 veker frå motteke svar.

Med helsing

Martin W Kulild
rådmann

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Drømmehagen Barnehage AS

Floghaugane 61 5918

FREKHAUG